



Therese Visted  
Øyjordslien 7  
5038 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/632 - 17/8135

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.03.2017

## Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 239/15 Eknes ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 106/17**

**Tiltakshavar:** Therese Visted  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås VVS AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for eksisterande fritidsbustad på gbnr 239/15. Det er søkt om å reinsa utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til eksisterande dreneringsgrøfter på eigen eigedom og vidare til kistegrøft på gbnr 239/5. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 13.02.2017.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan 2011-2023 sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging.

Søknaden er knytt til søknad om oppføring av tilbygg og nytt uthus på gbnr 239/15, jf sak 16/2963, der det er gitt dispensasjon frå gjeldande arealføremål. Det vert vurdert at omsøkte etablering av avlaupsanlegg vert omfatta av denne dispensasjonen. Ytterlegare dispensasjonshandsaming er vurdert til ikkje å vera naudsynt.



### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 15.11.2016.

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf forureiningsforskrifta 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget. Serviceavtale ligg føre.

### **Privatrettslege tilhøve**

Utsleppet skal etter reinsing førast i tett leidning til dreneringsgrøft på eigen eigedom og vidare til kistegrøft på eigedomen gbnr 239/5. Det må ligg ikkje føre erklæring med løyve frå eigar av gbnr 239/5 til å føre avlaupsvatnet inn på eigedomen.

### **Naturmangfaldlova**

Det er i «naturbasen» registrert ein førekomst av dvergspett på eigedomen. Førekomsten er i kategori «arter av særleg stor forvaltningsinteresse». Registreringa ligg sørvest for fritidsbustaden. Det vert vurdert at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med registreringa.

### **VURDERING**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre i samsvar med forskriftskrav.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Det er søkt om løyve til å etablere anlegget etter plan- og bygningslova (pbl) kap. 20. Før søknaden vert handsama må det liggja føre gjennomføringsplan og erklæring med løyve til å føra avlaupsvatnet til kistegrøft på gbnr 239/5.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp for eksisterande fritidsbustad på gbnr 239/15 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

1. **Avlaupet frå egedomen skal reinsast i biologisk/kjemsik reinseanlegg av typen Biovac før utsleppet vert ført i tett leidning til dreneringsgrøft på eigen egedom og vidare til kistegrøft på gbnr 239/5.**
2. **Utsleppsløyve vert gitt for 5 pe.**
3. **Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13.**
4. **Egedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket ergyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### *Ansvar*

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

### *Bortfall av løyve*

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/632

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hjelmås Vvs As

5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Therese Visted

Øyjordslien 7

5038

BERGEN